

Kjempekjekk klassetur til Sotra!

10.06.2016



Heile klassen på toppen av Ørnehaugen.

4. klassingane på Uskedal skule har hatt ei skikkeleg flott skuleveke. Saman med 4 foreldre og kontaktlærar Ranveig Fjell Helleland har dei vore på klassetur til Langøy kystkultursenter på Sotra. Klassen er så heldige at det er familien til Ranveig som eig denne kystperla som passar heilt perkt til slike turar på slutten av skuleåret.



[Historietime i Gamlenaustet](#)

Avreise frå Uskedalen var onsdag morgon kl.08.15. Det var ein forventningsfull gjeng som kom fram til Langøy i halv eitt-tida. Ungane gjekk straks i gong med reisa basecampen medan mennene som var med på turen ordna til lunsj. Det vart ein herleg lunsj ute i det fri med sol og fint ver, men litt vind.

Etter lunsj var det klart for 'fjelltur', Ja, så høge fjell var det ikkje, men frå den høgaste toppen Ørnehaugen som ragar 79 meter over havet kunne dei i alle fall nyta utsikten!

Då dei var ferdige med turen hadde dei historietime i Gamlenaustet. Ranveig fortalte om historia til Langøya, og det var interessant å høyra. Og det galt å følgja godt med, for om kvelden hadde dei quiz fra dette. Der vann jentene.

Elles var det masse kjekke aktivitetar. Knut Olav Myklebust hadde med seg klatreutstyr, og alle som ville fekk prøva å klatra og rappellera. Det var både nytt, spennande og veldig kjekt. I det fine veret var det mange som nytta sjansen til å bada medan andre fanga kreps i fjøra. Mange spelte fotball.

Både elevane og dei vaksne syntest det hadde vore ein kjempekjekk tur. Vi i uskedalen.no og lesarane våre er veldig glade for at de sende oss så flotte bilete og gode opplysningar slik at fleire får ta del i dei gode opplevingane. Det er trist at det er blitt så vanskeleg for skulane å arrangera slike turar. Det betyr så mykje for klassemiljøet!

Det var 12 elevar og 5 vaksne med på denne turen. I tillegg til Ranveig og Knut Olav var dei vaksne Sigmund Myklebust, Eli Eiane Klyve og Janne Hjelmeland.



Fin badeplass.



Det byrjar å roa seg på campen for kvelden. Elevanesov i telt eller under open himmel.



Gøy med rappelling.



Rappellering 2



Rappellering 3

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Janne Hjelmeland